

U t s k r i f t

av

skjønnsprotokollen for lensmannen i Hosanger.

++++++

År 1959 den 3.august kl.1130 vart skjønn halde  
på Fotland i Grendahuset.

Skjønsstyrar: lensmann Ragnv. Bjørgaas.

Skjønnsmenn: Maskinist Thomas Strømsten, Fotlandsvåg og  
bonde Lars G. Eide, Ostereidet. Dertil møtte  
varamannen bonde Anders Hansen Eide, Ostereidet.

Saka gjeld: Grunn til utbetring av vegen Tysse-Hosanger,  
oreigning etter veglova § 22 og flg. paragraffar.

Saksøkjar: Hosanger kommune v/ordføraren i Hosanger.

Saksøkte: Rasmund og Johannes Fotland, eigar av gnr.27, bnr.25,  
Fotland i Hosanger.

Solveig J. Fotland, gnr.27, bnr.26, Fotland  
firma M.G.Riisøen, feste av gnr.27, bnr.1,2 og 3, Fotland  
Agate Karevold, gnr.27, bnr.33, Fotland  
Ludvig Skare, " 27 " 8, --  
A/S Tøsse Mølle, " 37, " 3,5 og 9, Tysse i Hosanger  
Sigurd Hille, " 37 " 40 - " -

Dertil møtte Martin Myking og krov seg oreigna naust-  
grunn av gnr.27, bnr.28. Han vedtok lovleg innkalling.

Tilstades: Partane personleg utanom for gnr.27, bnr.25, v/Johs.  
Fotland, for Solveig J. Fotland møtte ektefelle  
Erling Fotland, for M.G.Riisøen møtte mylnestyrar  
Oddm. Bjørsvik og for Tøsse Mølle og Sigurd Hille  
møtte bestyrar Konrad Vevatne. Dei hadde muntleg  
fullmakt.

Hosanger F.Jr., nr. 518  
1959

Skjønsstyraren gjorde skjønsmennene merksam på at dei er utelukka frå å gjera teneste såframt dei er i noko tilfelle som er nemnt i domstollova §§ 106 og 107 og skjønslova § 16, og oppfordra skjønsmennene og partane til å seia frå om så var tilfelle.

Det vart ikkje sett fram nokon merknad mot mennene og Anders Hansen Eide vart dimittert. Mennene har gjeve forsikring før.

Synfaring av åstaden vart føretke. Ordførar Alv Hagen hadde ordet og krov skjønnet fremja etter veglova § 22 og slik Hordaland Vegkontor krev det.

Overingeniør H.H. Bjørge hadde ordet og nedla påstand etter veglova § 22, slik den krev avståinga. Han opplyste at utanom vegkanten skal det oreignast 2,5 m til gjerde.

Partane fekk uttala seg. Etter rådslagning for lukka dører vart avsagt slikt

#### S k j ø n

Skjønet finn at vilkåra for avståing etter veglova er tilstades. Vegutvidinga treng grunn hjå etternemnde:

1. Rasmund og Johannes Fotland noko mur og stein og noko jord. Johannes Fotland vil ikke avstå denne utan vederlag mot at fyllemassen vert køyrd til gamle kaien. Dersom dette ikkje let seg gjera, vert erstatning å betala med kr.3,00 pr.kvm etter oppmåling av Hordaland Vegkontor av avstått grunn.
2. Solveig J. Fotland avstår eit lite hagestykke for kr.5,00 pr.kvm. etter oppmåling som for nr.1.
3. firma M.G. Riisøens feste utan tidsbegrensning "bestandig". Det avståtte ligg i "Holmehagen" og er dels slåttemark og dels kratt og udyrka. Det er ikkje tilplanta hage. Kr.5,00 pr.kvm. finn skjønet passande- eins pris for heile området. Området vert oppmålt som for nr.1.
4. Agate Karevold avstår ein fjellknaus mellom huset si syd-austre

- sida og vegen. Det medfører ulemper med trafikken heilt innpå huset. Kr. 3,00 pr.kvm. + ulempeserstatning kr.250,00.
5. Martin Myking for naustgrunn på arvefeste hjå Fotlandsvåg Meirei. Han vil oppføra som før eit nedbrent naust om ikkje kommunen oreigna grunnen. Kr.5,00 pr.kvm. etter oppmåling som under nr.1. Godtgjersla for nr.3 og 5 må utbetalast etter samråd med grunneigarane.
6. Ludvik Skare avstår eit mindre område der ein privat veg no ligg. Kr.3,00 pr.kvm. er passande.
7. A/S Tøsse Mølle gnr.37, bnr.3,5 og 9. Det avstårte areal er - helst truleg - ved elva eller strandlinje av småstein grus. Kr.5,00 pr.kvm. er passande for denne.
8. Sigurd Hille eller no Tøsse Kraftverk for hageareal etter som det er opplyst. Der er planta hageplantar. Kr.7,00 pr.kvm. Gjerdet vert å setja oppå i same stand som det er no.

#### S l u t n i n g

1. Rasmund og Johannes Fotland vert pålagd å avstå turvande grunn til vegutbetringa Tysse-Hosanger og å påta seg dei plikter veglova § 22 nemner mot at fyllemassen vert køyrd på kommunens kostnad til gamle kaien der han påviser staden utan at han krev vederlag for grunnen. Vert ikkje dette mogeleg, skal han ha kr.3,00 pr.kvm. for avstått grunn.
2. Solveig J. Fotland, bnr.26, vert pålagd å avstå turvande veggrunn til same anlegg for kr.5,00 pr.kvm.
3. Fa. M.G. Riisøen vert pålagd å avstå turvande grunn som foran for kr.5,00 pr.kvm. Feste på bnr.1,2 og 3.
4. Agate Karevold det same for kr.3,00 pr.kvm. + ulempeserstatning ein gang for alle kr.250,00.

5. Martin Myking vert pålagd å avstå naustgrunn på arvefeste hjå Fotland meieri for kr.5,00 pr.kvm.
6. Ludvik Skare det same for kr.3,00 pr.kvm.
7. A/S Tøsse Mølle vert pålagd å avstå grunnen som under nr.7 foran for kr.5,00 pr.kvm. og
8. Sigurd Hille eller Tøsse kraftverk det same under 8 foran for kr.7,00 pr. kvm. og mot at gjerdet vert oppsett i same stand som før.

Alle godtgjersler er ein gang for alle. Skjønskostnadene vert å bera av Hosanger kommune.

Skjønsboka vart lese opp for partane.

Dei vart gjort kjende med reglane for overskjøn.

Hermed slutt.

Ragnv. Bjørgaas (sign.)

Th. Strømsten (s.)

Lars G. Eide (s.)

Rett utakrift vert vitna:

*Ragnv. Bjørgaas*



110/54

Arl 1959 den 22. oktober ble rett holdt i Grøndahuset i  
Fotlandsvåg.

Rettens formann: Dommerfullmektig Bftestål, m.aln.bem. av 15/7-59.

Skjønnsmenn: Rasmus K. Heimvik, Edvard Halvorsen, Alf Andersen  
Skår, Harald I. Nidsheim. Den sistnevnte avgav  
forsikring. De andre har avgitt forsikring før.

Protokollfører: Dommeren.

Sak nr. B 24 - 1959.

Saksøker: M. G. Riisßen, Bergen.

Saksikt: Hosanger kommune.

Saken gjelder: Overskjønn over veiskjønn avholdt av lensmannen  
i Hosanger.

Til stede: Nullbestyrer Oddmund Bjørrevik med fullmakt fra  
M. G. Riisßen; og ordvører Alv Hagen for Hosanger  
kommune.

-----  
-----  
-----

Etter rådslagning og stemmegivning for lukkede dører ble  
der avgjort slik:

#### Skjønn

Lensmannen i Hosanger med skjønnsmenn avsa den 3. august  
1959 skjønn hvorav hitsettes av skjønnslutningent:

"3. Fa. M. G. Riisßen vert pålagd å avstøt turvande grunn som  
"foran for kr. 5,00 pr. kvm. Feste på bar. 1, 2 og 3."

M. G. Riisßen har i rett tid begjart overskjønn.

Overskjønnet finner at vilkårene for avstøtelse etter  
veiloven er tilstede. Ingen av partene har nedlagt noen innsigelse  
mot fremside av overskjønnet.

Det område som skal eksproprieres fra M. G. Riisßen består  
dels av slåttemark, dels av krattskog, og dels av et udyrkbart  
sluk. Det er grunnlendt, og neppe egnet til annet enn eng og beite.  
Størst verdi har området som tomteland, da det har en sentral  
beliggenhet. Ekspropriasjonen vil etter rettens skjønn ikke med-  
føre at områder utenfor det som eksproprieres vil bli usynlig til  
tomtareal, eller forringet i verdi. Noen andre uløper som skal  
erstattes utenom verdien av den grunn som avstøtes, finner retten  
heller ikke at der oppstår. På den annen side vil der heller ikke  
noen følge av veianlegget oppstå surlige fordele som kommer  
til framrag i erstatningen. M. G. Riisßen har festet området for

bestandig, og antas derfor å sette likestilles med en grunneier.

Retten setter en gjennomsnittspris for hele det område som skal avstøttes; under hensyn til det ovenstående settes den til 5,- kr. pr. m<sup>2</sup>, som antas å være den største verdi området kan utbringe.

Dette er det samme som lensmannsskjønnet kom til.  
I medhold av skjønnlovens §§ 42 og 43 tilkjennes Riisøen ikke saksomkostninger. Kownnen har ikke krevet saksomkostninger.

Skjønnet er endelig.

#### Slutning:

For den grunn som avstøttes av N. G. Riisøen av dennes faste over gnr. 27 bnr. 1, 2 og 3 i Hosanger til utbedring av veien Tysse - Hosanger, fastsettes erstatningen til 5 - fem - kroner pr. kvadratmeter.

Saksomkostninger tilkjennes ikke.

Retten hevet.

Eivind Eftestøl.

Karlald Eidsheim (sign.)      Edv. Halvorsen (sign.)

Rasmus E. Heimvik (sign.)      Alf Skår (sign.)

Rett avskrift bekrefstes:

Eivind Eftestøl  
Eivind Eftestøl  
1947

Vegavlevering

Hosanger Fjell S17  
1959

Den 17. juli 1959 var det synfaring av bygdeveg-anlegget Tysse - Hosanger, parsell Fotlandsvåg vegkryss - Hosanger (gammelt heradshus) for overtaking til vedlikehold av fylket.

Med i synfaringa var:

fylkesmann Mons Lid.

fra Hamre kommune: Ordfører Alv Hagen og lensmann Ragnvald Björgås.

fra vegvesenet: Vegsjef Olav Torpp, fhv. overingeniør H.H.Björge og oppsynsmann Harald Magnussen.

Anlegget er ein del av hovedvegen over Osterøyane Valestrandsfossen i Hamre - Mallestad i Bru-vik. Tysse Hosanger vart i 1914 påbygja som bygdeveg med 1/2 statstilskot. I 1936 gjekk det over til hovedveganlegg med 25 % distriktstilskot. Arbeidet på parsellen Fotland - Hosanger tok til i 1920. Vegparsellen Fotlandsvåg vegkryss - Hosanger ved gammalt heradshus er 5.680 m. lang.

Køybreidda er 3,0 m. + ope grøft for om lag 3.500 m. og 3,75 m. medrekna steinsatt grøft for resten. Det er møteplassar og utviding i kurver. Maks.stigning 50 % (1:20).

Det var ingen grinder på vegen.

Totalkostnaden pr. 1. juli 1959 for hovedveganlegget Tysse - Hosanger er kr. 1.397.480,98, herav er det forskottert kr. 457.897,83.

Parsellen Fotlandsvåg vegkryss - Hosanger ved gammalt heradshus vert frå idag å overtaka til vedlikehold av Hordaland fylke.

Mons Lid  
(sign.)

Olav A.B.Torpp  
(sign.)

Hans H.Björge.  
(sign.)

Alv Hagen  
(sign.)

Harald Magnussen  
(sign.)

O. Dyrikolbotn.  
(sign.)

Ragnv. Björgås.  
(sign.)